

Prosjektbeskrivelse Olav Nygard 100-årsminne 2024

<http://www.claussellevoll.no/om-claus/>

<https://www.teaterinnlandet.no/kunstnere/arvid-ones/>

<https://www.runealver.no/>

Paa trонge vegar stig det store tankar

Han kom frå fattige kår, ein liten fjellgard høgt oppe i Modalen. Men han skapte dikting i verdklasse. Olav Nygard (1884-1924) har fascinert litteratur-kjennarar til alle tider. Hulda og Arne Garborg var blant dei som lovpriste han i hans samtid. I vår eiga tid er det fleire og fleire som får augo opp for den genuine diktinga hans. Oftare finn ein dikt på trykk, til dømes i avisene *Dag* og *Tid*, oftare blir det referert til den særeigne lyrikeren Olav Nygard frå Modalen.

Vi, skodespelar *Claus Sellevoll* og musikar *Rune Alver*, har lenge sysla med tankar om å feira denne heilt spesielle mannen i norsk litteratur. Vi er djupt engasjert i dikta hans. Vi ynskjer å skapa eit rystande, men òg eit informativt portrett, ei framsyning som viser veg i tankeverda hans og aktualiserer den geniale lyrikk-skatten han etterlet seg.

Dikta har som kjent eit svært fortetta innhald. Verselinjene er så proppfulle av biletar og meininger at det så å seia er uråd å oppfatta bodskapen ved første gongs høyring - for dei fleste. Grunntanken i vår formidling er å gjenta enkelte meiningsbærande ord og uttrykk. Dei får også musikalske kommentarar. Når desse er grundig «planta» hos tilhøyrarane, blir diktet framført i sin heilskap. På denne måten brukar vi i stor grad Olav Nygard sine eigne ord som emne til «å smi» delar av framsyninga vår. Slik kan lyrikken nå fram til fleire.

Vi har hatt nokre forprosjekt som viser at ideane våre fungerer som metode. Espen Børhaug har skrive manuset.

Framsyninga vår vil fletta saman dikt og informasjon/ forteljing om livet hans. Framsyninga gjer bruk av skiftande naturfoto frå Modalen som langsomt og gradvis endrar seg på bakveggen. Sentralt på scena er også flygelet med det oppslåtte flygel-loket. Vi brukar korte og lengre musikk-snuttar og vi «vever» dikt og musikk saman. Vi brukar stundom ekko-verknader frå klangbunnen i flygelet, noko som fargelegg lydbiletet på spennande måtar.

Framsyninga skal reflektera spelet mellom lys og mørke i Olav Nygard sine dikt. For å oppnå ønska effektar treng vi profesjonelt lyd- og lypersonell. For å sikra profesjonaliteten i framsyninga treng vi også regissør. Vi vil sjølve stå for produksjonen av framsyninga.

I første omgang ser vi for oss eit ti-tals framsyningar. Målgruppene våre er profesjonelle teatre og andre institusjonar der nynorsk litteratur står sentralt, t.d.

DNS, Bergen

Det Vestnorske Teateret, Bergen

Teater Vestland, Førde

Aasentunet - Ørsta

NYNORSK KULTUSENTRUM - Vinjesenteret Telemark

Det Norske Teatret, Oslo

Asker Museum - Hulda og Arne Garborg sin heim Labråten

Den nytilsette teatersjefen ved Det Norske Teatret Kjersti Horn uttaler:

Teateret er eit ikkje-religiøst rom der vi kan treffe kvarandre og tenke over samtidar vår, ikkje for å finne dei absolutte svara, men for å tvile, leite og vere sårbare, le og gråte, saman.

Vårt prosjekt passar svært godt inn i slike rammer. Eksistensielle spørsmål går som ein raud tråd gjennom Olav Nygard si dikting som tar opp spørsmål om liv og død på ein utanom-kyrkeleg måte.

Går det slik vi ynskjer, vil framsyninga bli brukt vidare i ulike prosjekt for ungdom gjennom DKS, Den Kulturelle Skulesekken og for eldre, Den Kulturelle Spaserstokken.

Litt frå søknaden Claus Sellevoll sende Modalen kommune for ei tid tilbake:

Olav Nygard døydde 11.februar 1924, berre 39 år gamal. Han var ein av våre aller største diktarar. Claes Gill, skodespelar, diktar og teatersjef, sa det slik:

«Hadde Olav Nygard skrive på eit verdenspråk, så hadde han høyrt til blant dei største lyrikarar i verdenslitteraturen.» Slik vart det ikkje.

Diktaren frå Modalen vart løfta fram av samtidige folk som Arne Garborg («Det finaste me hev av lyrikk på norsk») og Olav H. Hauge («I åndeleg høgd er det berre Kristus og Henrik Wergeland som ragar over Nygard»), men han er sørgeleg lite kjend. Kven var denne gåverike mannen? Korleis kunne ein fattig, sjukeleg diktar skrive så universelt og tidlaust?

Olav Nygard skrev nynorsk - eller landsmål, som det heitte den gongen. Og som om det ikkje var nok, så tilførte han landsmålet nye ord; han lagde sine eigne omgrep, ved å setja saman gamle ord på nye måtar, og på den måten få fram nye klangar og meningar.

Vi ønskjer å løfte fram diktinga, slik at fleire kan oppdaga og vera stolte av denne underkjende lyrikaren. I eit program med tekst, musikk og lysdesign vil vi bere dette på ein måte som løfter han i vår samtid, der vi er opptekne av mange av dei same spørsmåla som diktaren.

Kvar og når: Det Vestnorske Teateret har gitt oss høve til å visa framsyninga vår av Olav Nygard sitt univers i 2024. Den Nationale Scene vil også låna oss scena til minst ei framsyning.

Regional kulturverdi:

Olav Nygard skreiv ikkje om lokale tilhøve, men den dramatiske vestlandsnaturen trer tydeleg fram gjennom heile livsverket. Referansane forsterkar dei store spørsmåla han var oppteken av; kjærleiken og døden.

Nobels litteraturpris 2023 til Jon Fosse endrar mykje. Merksemda kring nynorsk lyrikk frå Vestlandet vil no verte mykje større, og det kan vi og Modalen i dette prosjektet dra nytte av.

Nobelprisvinnar 2023

Jon Fosse

Til Olav Nygard

Åleine og trygg
ser du eit hjarte
langs vinden, ein song
frå dei utsungne stunder, ein farge som kviler
i utstrekte kveldar
lange
som lyset

frå uroa vår, langt

derinne
søker eg

åleine, og trygg